



JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENTET

## Nye reglar om aksjebrev og aksjeeigarbok

gjeld frå 1. januar 2000

Frå 1. januar 2000 tok det til å gjelde nye reglar om aksjeeigarbok og aksjebrev, jf. lov om aksjeselskaper (aksjeloven) 13. juni 1997 nr. 44 § 21-2 nr. 11.

Lovendringa inneber at overtaking av aksjar eller rettsstiftingar i aksjar ikkje lenger blir sett på som legitimert gjennom påskrift og ihendehaving av aksjebrev slik det følgjer av tidlegare aksjelov (lov om aksjeselskaper 4. juni 1976) nr. 59 § 3-7. Rettsvernet til slike rettar er no knytt til aksjeeigarboka, jf. aksjelova §§ 4-7, 4-8 og 4-13. Aksjeeigarboka skal først av selskapet, jf. aksjelova § 4-5.

Lovendringa er viktig for aksjonærar i selskap der aksjane ikkje er registrerte i Verdipapirsentralen. Denne gruppa aksjonærar har ikkje lenger vern for eigedomsretten sin ved at dei sit på aksjebrev. I den grad eigedomsretten til aksjane ikkje tidlegare er registrert i aksjeeigarboka, blir slik registrering no nødvendig for at eigedomsretten skal ha rettsvern. Lovendringa er dessutan viktig for alle andre som har rettar i aksjar, i praksis gjeld det særleg panthavarar. Dei må registrere rettane sine i aksjeeigarboka dersom retten skal bli gjort gjeldande overfor konkurrerande rettshavarar og dei allmenne kreditorane til aksjonæren.

Lovendringa inneber også nye plikter for selskapet når det gjeld føring av aksjeeigarbok m.m., jf. aksjelova §§ 4-5 flg.

Du finn meir informasjon om den nye aksjelova i ein brosjyre som er tilgjengeleg på Internett:

<http://odin.dep.no/jd/publ/aksjelov>. Brosjyren kan du også få hos Brønnøysundregistra, tlf. 75 00 75 00 eller Narviktelefonane, tlf. 800 33 840.